
Saknr: 2020/48900-1
Saksbehandlar Hanne Marthe Espe
Dato: 27.04.2020

Til: Hovudutval kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

Dialogkonferanse idrett og friluftsliv 2020, invitasjon og program

Vestland fylkeskommune inviterer til Dialogkonferanse idrett og friluftsliv 2. og 3. september 2020 i Sogndal. I godt samarbeid med Øygarden kommune og Sogndal kommune har det vore jobba med eit program som grip om heile fagområde.

Avdeling for kultur, idrett og inkludering v/ Seksjon for idrett og friluftsliv vidarefører gode møteplassar gjennom årleg dialogkonferanse for heile Vestland. Målgruppa for konferansen er tilsette i kommunane som er ansvarleg for kultur, idrett og friluftsliv, folkehelse og plan. Det er også nyttig for politisk nivå, for å få forankring og kjennskap til fagområde. Representantar frå dei regionale organisasjonane innan idrett og friluftsliv vert også invitert til å delta.

Det er ønskeleg at representant frå Hovudutval for kultur, idrett og integrering helsar deltagarane ved opninga den 2. september og avsluttar konferansen den 3. september. Kommunane set stor pris på at hovudutvalet er representert.

Det er mogleg at vi ikkje får gjennomføre denne konferansen som planlagt 2. og 3. september. Vi bed likevel om at kommunar og andre deltakarar set av dagane til kompetanseheving og nettverksbygging via digitale plattformer. Planen er å ev. gjennomføre ulike webinar på aktuelle tema frå konferanseprogrammet. Det er ønskeleg å finne løysingar for å kunne gjennomføre delar av programmet å dra nytte av ulike ressurspersonar sjølv om det viser seg at konferansen ikkje kan finne stad fysisk i Sogndal. Dette vil også kunne opne for breiare deltaking frå kommunane, og vere ei øving på å kunne jobbe meir ut mot kommunane via digitale møteplassar.